



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

TILSYNSRAPPORT

Spesialundervisning, bruk av alternativ opplæringsarena, PP-tenesta sitt arbeid,
jf. kapittel 5 i opplæringslova.

Kommunen sitt forsvarlege system, opplæringslova § 13-10, 2.ledd

Tysvær kommune -

Frakkagjerd ungdomsskole og alternativ opplæringsarena, Sætre Gard

Dato:12.02.16

Arkivnr. 2015/9682

Innhald

1 Innleiing	4
2. Om tilsynet med Tysvær kommune – Frakkagjerd ungdomsskole og alternativ opplæringsarena Sætre Gard	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar	4
2.2 Tema for tilsynet.....	5
2.3 Føremålet med tilsynet	5
2.4 Gjennomføringa av tilsynet	5
3. Rett til spesialundervisning	6
3.1 Kartlegging og skolen si plikt til å setje i verk eigne tiltak	6
3.1.1 Rettslege krav	6
3.1.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	6
3.1.3 Fylkesmannen sine vurderingar	7
3.1.4 Fylkesmannen sin konklusjon	8
3.2 Pedagogisk-psykologisk teneste	8
3.2.1 Rettslege krav	8
3.2.2 Fylkesmannen sine undersøkingar	8
3.2.3 Fylkesmannen sine vurderingar	9
3.2.4 Fylkesmannen sin konklusjon	10
3.3 Sakkunnig vurdering.....	10
3.3.1 Rettslege krav	10
3.3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	11
3.3.3 Fylkesmannen sine vurderingar	11
3.3.4 Fylkesmannen sin konklusjon	12
3.4 Samarbeid med føresette og elevar.....	12
3.4.1 Rettslege krav	12
3.4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	13
3.4.3 Fylkesmannen sine vurderingar	13
3.4.4 Fylkesmannen sin konklusjon	14
3.5 Enkeltvedtak om spesialundervisning	14
3.5.1 Rettslege krav	14
3.5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	14
3.5.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	14

3.5.4 Fylkesmannen sin konklusjon	16
3.6 IOP og årsrapport.....	16
3.6.1 Rettslege krav	16
3.6.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	17
3.6.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	17
3.6.4 Fylkesmannen sin konklusjon	17
3.7 Bruk av alternativ opplæringsarena.....	18
3.7.1 Rettslege krav	18
3.7.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	18
3.7.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	18
3.7.3 Fylkesmannen sin konklusjon.....	22
4 Kommunen sitt system for vurdering av om krava i lova blir oppfylte	23
4.1 Rettslege krav	23
4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	23
4.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	23
4.4 Fylkesmannen sin konklusjon	25
5. Frist for retting av lovbrøt	26
Vedlegg: dokumentasjon.....	28

1 Innleiing

Fylkesmannen opna 26.08.15 tilsyn med Tysvær kommune, Frakkagjerd ungdomsskole og Sætre Gard, ein alternativ opplæringsarena.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne endelege tilsynsrapporten.

Tilsynet har avdekt lovbrøt. Førebels tilsynsrapport gav eit førehandsvarsel om at Fylkesmannen kan vedta å påleggje kommunen retting av lovbrøta, jf. forvaltningslova § 16. I den endelege tilsynsrapporten får Tysvær kommune rimeleg frist til å rette lovbrøta før vi eventuelt vedtar pålegg om retting. Fristen er 04.05.16. Dersom lovbrøta ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak som det kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Tysvær kommune hadde høve til å kommentere den førebelse tilsynsrapporten, jf. forvaltningslova § 16. Fylkesmannen mottok 08.01.16 e-post frå Tysvær kommune der det står at kommunen ikkje kan finne at Fylkesmannen har *misforstått/eller etterlyst ting som vi har i rutinene våre*. Kommunen har sendt inn forslag til *Samarbeidsavtale mellom Sætre og hjemmeskolen og Ordensreglement for skulane i Tysvær kommune*. Den 15.01.16 mottok Fylkesmannen ein e-post frå kommunalsjef for Helse og førebygging med supplerande dokumentasjon om PPT. Oversendinga inneheld dokument og rutinar for ulike samarbeidsfora mellom skole og PPT. Dokumenta er tatt med i vurderingane i denne endelege tilsynsrapporten, og Fylkesmannen har endra varsla pålegg knytte til PP-tenesta og systemretta arbeid under punkt 3.2.4. Ved utarbeiding av endeleg tilsynsrapport fann vi at det ved ein feil var gitt eit korreksjonspunkt under 3.7.3. Dette er det nå retta opp i. Det er i tillegg gjort ein del språklege endringar i tilsynsrapporten som ikkje har konsekvens for konklusjonane våre.

2. Om tilsynet med Tysvær kommune – Frakkagjerd ungdomsskole og alternativ opplæringsarena Sætre Gard

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn med offentlege skolar er utøving av mynde og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsette i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Tema for tilsynet

Temaet for tilsynet er retten til spesialundervisning, bruk av alternativ opplæringsarena og kommunen sitt system for vurdering av om krava i lova blir oppfylte.

Hovudpunkta i tilsynet er:

- Kartlegging og skolen si plikt til å setje i verk eigne tiltak
- Pedagogisk-psykologisk teneste
- Sakkunnig vurdering
- Samarbeid med føresette og elevar
- Enkeltvedtak om spesialundervisning
- IOP og årsvurdering
- Bruk av alternativ opplæringsarena
- Kommunen sitt system for vurdering av om krava i lova blir oppfylte

Tilsynet rører også ved retten til å gå på nærskolen, jf. oppl. § 8-1 og retten til å høyre til i ei gruppe, jf. oppl. § 8-2.

2.3 Føremålet med tilsynet

Det overordna føremålet med tilsynet er å sjå til at rettstryggleiken for elevar med behov for spesialundervisning blir ivaretatt, og å medverke til å sikre at elevane får oppfylt sin individuelle rett etter opplæringslova.

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skoleeigar sørgjer for at skolen

- sikrar eleven sin rettstryggleik gjennom å involvere elevar og foreldre i vurderingane før skolen tar avgjerder om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet
- behandlar saker i samsvar med dei særlege reglane i opplæringslova kap. 5 og dei generelle reglane i forvaltningslova
- følgjer reglane for innhald i sakkunnig vurdering og enkeltvedtak
- vurderer og kartlegg eleven sitt behov på ein fagleg forsvarleg måte
- gjer vedtak som gir gode føringar for å leggje til rette innhaldet i opplæringa

Manglande forvaltningskompetanse i avgjerder om særskild tilrettelegging av opplæringa kan føre til at elevane ikkje får sikra rettane sine. Det kan også føre til at avgjerdene ikkje gir gode faglege føringar for innhaldet i opplæringa. Elevane står då i fare for å få ei opplæring som ikkje gir eit forsvarleg utbytte.

2.4 Gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Tysvær kommune blei opna gjennom brev datert 26.08.15. Fylkesmannen har kravd at kommunen la fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Det blei gjennomført intervju med kommuneleiinga, PP-tenesta, rektor på Frakkagjerd ungdomsskole, rektor på Tysværvåg barne- og ungdomsskole, tilsette på Frakkagjerd ungdomsskole og tilsette på alternativ opplæringsarena, Sætre Gard.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon (sjå vedlegg) og opplysningar frå intervju.

Gangen i tilsynet

26.08.15	Opning av tilsyn
01.10.15	Frist for å sende inn dokumentasjon
16.10.15	Opningsmøte og intervju
16.-17.10.15	Intervju Tysvær kommune, Frakkagjerd ungdomsskole og Sætre Gard
14.12.15	Førebels tilsynsrapport
14.12.15	Sluttmøte
15.01.16	Frist for å gi merknader til førebels tilsynsrapport
12.02.15	Tilsynsrapport
04.05.16	Frist for å rette lovbrøt

3. Rett til spesialundervisning

Retten til spesialundervisning er heimla i opplæringslova § 5-1. *Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.*

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetallet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

3.1 Kartlegging og skolen si plikt til å setje i verk eigne tiltak

3.1.1 Rettslege krav

Fylkesmannen viser til dei rettslege krava som er lagde ved rapporten.

3.1.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Tysvær kommune har lagt fram *Strategiplan for kvalitetsutvikling i Tysværskolen 2012 – 2015* og *Årsmelding for Tysvær kommune 2014*. Frakkagjerd ungdomsskole har sendt inn dokumentasjon som viser korleis lærarane arbeider med å kartleggje og vurdere om elevane har forsvarleg utbytte av opplæringa. Skolen har lagt fram dokumenta *Virksomhetsplan for Frakkagjerd ungdomsskole, Kartlegging/lærers meldeplikt/før-tilmeldingsfasen, Rutine for vurdering av behov for spes.ped. ved Frakkagjerd ungdomsskole, Arbeidsinstruks for spespedkoordinatorane i Tysvær og Stillingsinstruks: ekstra kontaktlærer*. Dette, saman med intervju, er grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

3.1.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Fylkesmannen skal vurdere om kommunen sikrar at lærarane på Frakkagjerd ungdomsskole systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. For å sikre at lærarane/skolen fangar opp elevar som ikkje klarer å nå kompetansemåla, skal elevane regelmessig kartleggast i dei ulike faga. Kartleggingane kan vere obligatoriske kartleggingar som alle skolane må gjennomføre årleg, eller kartleggingar som er lokalt valde (skole/kommune). I tillegg kjem prøvar elevane har i dei ulike faga. Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for systematisk og løpande å vurdere om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

I dokumenta *Strategiplan for kvalitetsutvikling i Tysværskolen 2012 – 2015* og *Årsmelding for Tysvær kommune 2014* står det at tidleg innsats er eit fokusområde for alle skolane i kommunen. Eit av resultatmåla her er at *Skulen skal ha gode kartleggingsrutinar med oppfylging*. Vidare er både effektmål, strategiar og måleindikatorar omtalte. Under måleindikatorar er ulike kartleggingsverktøy nemnte, som skolen sine egne kartleggingar, nasjonale prøvar, eksamen, elevundersøkinga og brukarundersøkinga. I årsmeldinga står det at det er viktig at skoleleiinga og lærarane nyttar resultat på prøvane i etterkant til å reflektere og vurdere endring av praksis med tanke på undervisningsmetodar, individuell praksis og variasjon. Kommunen har i tillegg innført kartleggingsverktøya Leselos og reknerettleiar, og er i gang med å ta i bruk Stafettloggen BTI. Kommunen gjennomfører regelmessig dialogmøte med rektorane på skolen. I malen *Program for dialogmøte våren XXXX* er ulike tema for dialogmøte sett opp, m.a. *Kvalitetsarbeid, Læringsutbyttet, Tidlig innsats, § 5-spesialundervisning* og «*Frå bekymring til spesialundervisning*». Etter Fylkesmannen si vurdering sikrar Tysvær kommune gjennom ein kommunal strategiplan at skolane regelmessig vurderer om elevane har forsvarleg utbytte av opplæringa. Målsetjingane i planen blir også følgde opp og etterspurde i dialogmøta med kvar einskild rektor.

Det er eit lovkrav at lærarane regelmessig vurderer om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. I intervju kom det fram at lærarane ved Frakkagjerd ungdomsskole legg til grunn den informasjonen som blir gitt ved overgang frå barneskole til ungdomsskole. I tillegg blir alle elevane testa i lesing (Carlsten) og rekning (Alle teller). I *Arbeidsinstruksen for spes.ped. - koordinatorane i Tysvær kommune* står det at spespedkoordinator skal sjå til at *Prosedyre for tidlig innsats* blir følgt. I denne står det at *spespedkoordinator saman med rektor vurderer om eleven har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet og vurdere tiltak/justering av undervisninga*. Det kjem vidare fram at elevane blir kartlagde og testa på skolen etter kva for kvalifikasjon og tid spes.ped.koordinator har, m.a. med LOGOS. I dokumentet *Kartlegging/lærers meldeplikt/tiltak i førtilvisningsfasen* kjem det fram at fagteama på skolen regelmessig drøftar elevar dei er bekymra for. TPO-koordinator er med på desse møta, og det blir her bestemt kva for kartleggingar som skal gjennomførast i forhold til bekymring for enkeltelevar. Etter Fylkesmannen sitt syn vurderer lærarane regelmessig om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Det er eit lovkrav at skolen må sikre at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Skolen må også vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 5-4 1. ledd. I dokumentet *Kartlegging/lærers meldeplikt/tiltak i før-tilvisingsfasen* kjem det fram korleis lærarane arbeider når dei er bekymra for læringsutbyttet for ein elev. På Frakkagjerd ungdomsskole er lærarane organiserte i fagteam, og kvart trinn har ein ekstra kontaktlærer. I tillegg har skolen ein TPO-koordinator som har eit særleg ansvar for å sikre tilpassa opplæring. I dokumentet står det at koordinatoren regelmessig er innom alle fagteama og har fokus på differensiert undervisning. Ved bekymring i forhold til elevar, blir koordinator saman med fagteam/kontaktlærer einige om å kartlegge eleven. Samtidig som ein kartlegg, blir det prøvd ut forskjellige tiltak. Dersom kartlegging viser at eleven er svak og ein ikkje ser at tiltaka har effekt, blir eleven diskutert på neste skolekontakt-tid. Frakkagjerd ungdomsskole har ein eigen skolekontakt i PP-tenesta, og tiltak blir drøfta med denne og prøvde ut før eventuell tilmelding. Intervju stadfestar denne rutinen og Fylkesmannen finn at Frakkagjerd ungdomsskole vurderer og gjennomfører tiltak innafor tilpassa opplæring før tilmelding til PP-tenesta.

Skolen skal også ha ein rutine som sikrar at lærarane melder frå om behov for spesialundervisning til rektor, jf. oppl. § 5-4. I rutinen *Vurdering av behov for spesialundervisning* står det at lærarane først skal ta dette opp med kontaktlærer og vidare til TPO-koordinator som har ansvar for å melde frå til rektor. I intervju kom det fram at rutinen var godt kjent og brukt av lærarane. Etter Fylkesmannen si vurdering har Frakkagjerd ungdomsskole ein kjent og innarbeidd rutine som sikrar at lærarane melder frå om behov for spesialundervisning til rektor.

3.1.4 Fylkesmannen sin konklusjon

- Tysvær kommune sikrar gjennom ein kommunal strategiplan at skolane regelmessig vurderer om elevane har forsvarleg utbytte av opplæringa. Målsetjingane i planen blir også følgde opp og etterspurde i dialogmøta med kvar einskild rektor.
- Lærarane på Frakkagjerd ungdomsskole vurderer regelmessig om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
- Frakkagjerd ungdomsskole vurderer og gjennomfører tiltak innafor tilpassa opplæring før tilmelding til PP-tenesta.
- Frakkagjerd ungdomsskole har ein kjent og innarbeidd rutine som sikrar at lærarane melder frå om behov for spesialundervisning til rektor.

3.2 Pedagogisk-psykologisk teneste

3.2.1 Rettslege krav

Fylkesmannen viser til dei rettslege krava som er lagde ved rapporten.

3.2.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Fylkesmannen har i tillegg til dokumentasjon som nemnt under punkt 3.1.1., fått tilsendt *Rutine for samarbeid skole/PPT*, *Prosedyre for tidlig innsats i skulen*, mal for *Tilmelding til pedagogisk psykologisk teneste*, prosedyren *Skolekontakt*, prosedyren *Ambulerende*

skolevegringsteam, Prosedyre for samarbeid, oppfølging og opptak ved alternative opplæringsarenaer og Uttale alternative opplæringsarenaer. I tilbakemeldinga på førebels tilsynsrapport har vi mottatt Revidert tilmeldingsskjema, Plan for skolekontakt, Handlingsveileder BTI, Kjerneområde for hjelpetenestene, Handlingsveileder for ansatte i Tysvær kommune, Rutineomtale for tverrfaglig oppvekstteam (TOT) 22.12.14

Fylkesmannen gjennomførte også intervju med konstituert leiar av PP-tenesta saman med ein fagansvarleg i PPT.

3.2.3 Fylkesmannen sine vurderingar

I Tysvær kommune er PP-tenesta organisert under avdelinga *Helse og førebygging* og ikkje under *Skule* eller *Barnehage*. Organiseringa er grunnleggjande med at kommunen ønskjer å sikre eit tverrfagleg samarbeid. PPT har ettersendt *Retningslinjer for tverrfaglege oppvekstteam i Tysvær kommune* (TOT-teamet). Her står det at *Arbeidet i det tverrfaglege teamet har som mål å sikra best mogleg kvalitet på tenestetilbodet til barn og unge, Arbeidet skal også stimulere til fagleg utvikling mellom dei tilsette*. Det kjem også fram at kvar skole har eit eige tverrfagleg team som jamleg har møte der PPT deltar. Dokumentet inneheld felles rutinar for resultatområda *Barnehage, Skule og Helse& Førebygging*. Kvar skole har ein skolekontakt i PP-tenesta, og det skjer også samhandling gjennom TOT. I prosedyren *Skolekontakt* blir intensjon, organisering og tilbod til skolane omtalt. I intervju kom det fram at organiseringa med skolekontakt fungerer bra. Det kom også fram at det er lett å ta kontakt med skolekontakten/PPT både når skolekontakten er på skolen og pr. telefon. Det står vidare i årsmeldinga at Tysvær PPT er med i *Kompetanseløft for PPT Nord-Rogaland* i regi Haugalandsløftet, og at prosjektet *Kapasitetsbygging PPT følger planlagt aktivitet og progresjon og er i tråd med kravet om rett til avtalefesta veiledning*. Dei tilsette har også gjennomført ulike sertifiseringskurs.

PPT har 6 stillingsheimlar, inklusiv leiar og merkantil stilling. Alle tilsette i PP-tenesta har master i spesialpedagogikk, og ein av dei tilsette er psykolog. I årsmeldinga for 2014 kjem det fram at omfanget på tilmelde saker gjer at PPT ikkje greier å behandle alle saker innan rimeleg tid. Det kom fram i intervju at PPT også i 2015 har operert med ventelister, noko som det ikkje er høve til, jf. rettleiaren om spesialundervisning¹. PPT opplyser om at dei no har sett frist for saksbehandling til 3 månader. Alle saker blir registrerte med ein inntaksdato for å sikre at saksbehandlinga skjer innan fristen. I intervju kom det likevel fram at PP-tenesta er sårbar i periodar med sjukemeldingar, og at ventelister blir rapporterte oppover i systemet kvar månad.

Opplæringslova set ikkje eksplisitte tidsfristar for PP-tenesta si behandling av saker om spesialundervisning, men behandlinga må skje i løpet av rimeleg tid, jf. rettleiaren. Reglane i opplæringslova må supplerast med reglane om saksbehandlingstid i § 11a i forvaltningslova der det står at *Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold*. Saksbehandlinga gjeld for heile prosessen; frå skolen startar vurderinga om eleven har behov for spesialundervisning og til enkeltvedtaket er fatta. Den sakkunnige vurderinga er eit ledd i utgreiinga av saka. I vurderinga av kva som er for lang saksbehandlingstid, vil eleven sitt

¹ <http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-innsats/Veilederene-i-fulltekst/Spesialundervisning/>

behov for å få avklart behov og rettar så raskt som mogleg, føre til at ei total saksbehandlingstid på over tre månadar kan vere for lang tid. Fylkesmannen har ikkje mottatt dokumentasjon som viser reell saksbehandlingstid pr. i dag. På bakgrunn av dei opplysningane som kjem fram i tilsynet, må Fylkesmannen konkludere med at den totale saksbehandlingstida i Tysvær kommune i nokre saker kan bli lengre enn kravet om forsvarleg saksbehandlingstid.

PP-tenesta sine to hovudoppgåver er knytte til utarbeiding av sakkunnig vurdering der lova krev det, og å hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Fylkesmannen har fått tilsendt 8 sakkunnige vurderingar. I skolen sine rutinar *Vurdering av behov for spes.ped.* og *Prosedyre for tidleg innsats i skulen* kjem det fram at PPT blir kontakta etter at skolen og lærarane i ein periode har prøvd ut ulike tiltak innan tilpassa opplæring. Kontakt med PPT skjer i forståing med både eleven og foreldra. Intervju stadfestar at det blir utarbeidd sakkunnige vurderingar for elevar som kan ha behov for spesialundervisning.

Som tidlegare omtalt, har kvar skole ein eigen kontaktperson i PP-tenesta. I intervju kom det fram at ordninga med skolekontakt fungerer godt på skolane. Både lærarar og rektor fortel om regelmessige møte og god dialog, og at dei får god hjelp i elevsaker.

Den andre hovudoppgåva til PP-tenesta gjeld det systemretta arbeidet knytt til å hjelpe skolen med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov, jf. opplæringslova §5-6 andre ledd. I intervju kom det fram at PPT har hatt stort fokus på individnivå, og at dei har hatt lite tid til å arbeide systemretta overfor skolane. I intervju kom det også fram eit behov for meir systemretta arbeid i skolen. ... *det kunne hjulpet oss, vi har tenkt mye på det på vår skole.* I retningslinene for samarbeidet i TOT, kjem det fram at det tverrfaglege teamet behandlar tre typar saker: namngitte elevsaker, anonyme elevsaker og saker som er generelle og knytte til fagleg utvikling. Etter Fylkesmannen si vurdering har PP-tenesta stort fokus på individsaker. Vi ser likevel at samarbeidet med skolane, organiseringa med skolekontakt og oppgåvene som er gitt i TOT, kan sikre at PP-tenesta hjelper skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Fylkesmannen ber likevel kommunen vurdere om PP-tenesta har tilstrekkeleg kapasitet til å ta i vare oppgåvene sine forsvarleg og i samsvar med § 5-3 i opplæringslova.

3.2.4 Fylkesmannen sin konklusjon

- Den totale saksbehandlingstida i Tysvær kommune er i nokre saker ikkje forsvarleg.
- PPT sitt samarbeid med skolane, gjennom skolekontakt og TOT, sikrar at PP-tenesta hjelper skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

3.3 Sakkunnig vurdering

3.3.1 Rettslege krav

Fylkesmannen viser til dei rettslege krava som er lagde ved rapporten.

3.3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Fylkesmannen har fått tilsendt 8 elevsaker knytte til elevar med behov for spesialundervisning og 4 elevsaker der PPT i sakkunnig vurdering tilrår opplæring på alternativ opplæringsarena. Desse 4 elevsakene blir omtalte under punkt 3.7.

3.3.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Opplæringslova § 5-3 stiller klare krav til kva PPT i sakkunnig vurdering skal vurdere og ta stilling til. PPT må i sakkunnig vurdering greie ut kva eleven sine særlege vanskar har å seie for læring og utvikling. Både eleven sine sterke og svake sider må komme fram. I alle elevsakene Fylkesmannen har fått tilsendt blir det vist til resultat på kartleggingar, utgreiingar og pedagogiske rapportar som dokumenterer eleven sine vanskar, og til opplysningar frå elev og føresette i tråd med lovkrava.

Den sakkunnige vurderinga må innehalde ei vurdering av kva utbytte eleven har den ordinære opplæringa i klassen, og må sjåast i samanheng med vurderingane som er gjort knytte til § 5-1. Under dette punktet må PPT vurdere korleis det ordinære opplæringstilbodet kan leggast til rette i forhold til eleven sitt behov. I alle sakkunnige vurderingar Fylkesmannen har fått tilsendt, blir eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet omtalt. PPT tilrår kva tiltak som må setjast i verk i ordinær opplæring for at eleven skal ha utbytte av opplæringa. Tilrettelegginga er sett i samanheng med eleven sine individuelle vanskar og behov.

Den sakkunnige vurderinga må innehalde ei vurdering av kva opplæringsmål som er realistiske for eleven å jobbe mot i dei ulike faga. Her skal Læreplanverket for Kunnskapsløftet ligge til grunn for utgreiinga. I alle sakene Fylkesmannen har fått tilsendt, er eleven sine realistiske opplæringsmål omtalt. Vi vil likevel peike på at opplæringsmåla i nokre av sakene er ikkje konkrete nok, for eksempel står det i ei sak at *opplæringsmål i matematikk og norsk vil være lave kompetansemål fra trinnet*. Fylkesmannen er usikker på om det her er til dømes meint låg måloppnåing innanfor ordinære kompetansemål for trinnet. I dei innsendte sakkunnige vurderingar finn Fylkesmannen at berre eit fåtal av elevane blir tilrådd avvik frå kompetansemål i fag, til tross for at kartleggingar viser at eleven har store vanskar både innan t.d. lesing, skriving og språk. Det kom fram i intervju at PPT ønskjer å jobbe mot normalitet, og at dei vil «strekke» elevane så langt dei kan. Dei meiner også at elevane opplever eit større læringstrykk dersom dei ikkje har avvik frå kompetansemåla i fag. Etter Fylkesmannen si vurdering er det ikkje realistisk at ein elev som *har vanskar med å formulere seg både muntlig og skriftlig* i engelsk kan jobbe mot kompetansemåla i Kunnskapsløftet for 10. trinn. Vi finn at PPT ikkje i tilstrekkeleg grad vurderer kva som er realistiske opplæringsmål for elevar med rett til spesialundervisning.

PPT skal vurdere om ein kan hjelpe på dei vanskanne eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Dette punktet er avhengig av skolen sin evne og rom for å tilpasse den ordinære opplæringa med utgangpunkt i eleven sitt behov for hjelp og tilrettelegging. PPT må her vurdere og ta stilling til om ein kan gjere endringar innan organisering, innhald og progresjon i den ordinære opplæringa, eller om eleven si individuelle utviklinga og meistring er så avgrensa at særskilte tilpassingar og tiltak bør settast i verk utover tiltak i ordinær opplæring. I alle sakene Fylkesmannen har fått tilsendt blir det tilrådd kva tiltak skolen kan

gjere for å tilpasse opplæringa for eleven ut frå dei vanskane eleven har. Tilrettelegginga som er omtalt, gjeld både i klassen, i dei ulike faga, i forhold til metode og organisering og i friminutta, alt etter eleven sine vanskar.

PP-tenesta skal greie ut kva som skal til for at opplæringstilbodet til eleven er forsvarleg. Forhold i utgreiinga elles skal leggjast til grunn, og det skal konkretiserast kva ressursar som skal setjast inn overfor eleven. PPT må vurdere og ta stilling til kva innhald opplæringa skal ha og så ta stilling til kva mål eleven skal jobbe mot. I dei sakene Fylkesmannen har fått tilsendt, blir det i sakkunnig vurdering tilrådd kva kompetansemål eleven skal jobbe etter, slik lova krev. Dette gjeld både når eleven skal jobbe etter ordinære mål og ved avvik frå den ordinære opplæringa i faget, men vi viser til vår vurdering ovanfor når det gjeld realistiske opplæringsmål.

PPT må tilrå korleis spesialundervisninga skal organiserast, t.d. i klassen, gruppe, einetimar, og om eleven har behov for særskilt tilrettelegging av arbeidsmåtane. Tilrådinga skal angi kor mange timar eleven har behov for spesialundervisning, og kva kompetanse den som skal gjennomføre opplæringa, skal ha. I sakene Fylkesmannen har fått tilsendt er organiseringa av spesialundervisninga omtalt, og det blir tatt stilling til om eleven skal få opplæringa si i klassen, i lita gruppe, einetimar eller på alternativ opplæringsarena (dette er nærare omtalt i punk 3.7).

Dei tilsendte sakkunnige vurderingane viser at omfanget av spesialundervisninga blir tilrådd i timar fordelte på fag/område. I ei sak står det at eleven *trenger i tillegg forsterket oppfølging i klassen* utan at omfanget er konkretisert. Fylkesmannen viser til at ei sakkunnig vurdering klart og tydeleg skal tilrå kva omfang spesialundervisninga skal ha og finn at PPT ikkje alltid tilrår omfanget konkret nok.

Det blir i dei sakkunnige vurderingane også tatt stilling til kva kompetanse den som skal gjennomføre opplæringa skal ha, t.d. pedagog og miljøarbeidar, i samsvar med lovkravet.

3.3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

- PPT greier ut eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- PPT greier ut om lærevanskane til eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa.
- PPT vurderer ikkje i tilstrekkeleg grad kva som er realistiske opplæringsmål for elevar med rett til spesialundervisning.
- PPT greier ut korleis ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet. PPT tilrår ikkje alltid omfanget konkret nok.
- PPT tilrår organisering og innhald i spesialundervisninga og kva kompetanse den som har ansvar for opplæringa skal ha.

3.4 Samarbeid med føresette og elevar

3.4.1 Rettslege krav

Fylkesmannen viser til dei rettslege krava som ligg ved rapporten.

3.4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Frakkagjerd ungdomsskole har lagt fram sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar. Desse, saman med plandokument, rutinar og intervju, er grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

3.4.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Slik det går fram av dei rettslege krava, skal elevar og foreldre varslast før det blir fatta vedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet.

Kommunen må sikre at skolane har ein praksis som sikrar at dei føresette er kjende med eleven sine vanskar og kva som ligg til grunn for at eleven treng spesialundervisning. Tysvær kommune har lagt fram *Prosedyre for tidleg innsats i skulen*. Denne prosedyren viser prosessen frå ein lærar registrerer ei sosial eller fagleg utfordring og fram til ei eventuell tilmelding til PPT. Det kjem fram av prosedyren at utfordringane til eleven tidleg blir drøfta med foreldra, og at dei er med heilt frå tidleg fase der ein drøftar tiltak på skolen, i evalueringsfasen av tiltaka, nye tiltak, evaluering av desse og fram til tilmelding til PPT. Intervju stadfestar at prosedyren blir brukt på skolen, og at det blir tatt tidleg kontakt med foreldra når lærar er bekymra for eleven si læring/ åtferd. I tillegg har spespedkoordinator eit særleg ansvar for å *Sjå til at «Prosedyre for tidleg innsats» blir fylgt*, jf. *Arbeidsinstruks for spes.ped.koordinatorane i Tysvær*. I intervju kom det også fram at skolen har møte med foreldra og PPT før tilmelding. Fylkesmannen legg til grunn at Frakkagjerd ungdomsskole gjennom prosedyre og tett dialog varslar føresette i tråd med forvaltningslova § 16 før det blir fatta vedtak om spesialundervisning.

PP-tenesta i kommunen har utarbeidd ein mal for *Tilmelding til pedagogisk psykologisk teneste, for barn i grunnskolealder*. Tilmeldingsskjemaet har eit eige område der foreldra sine opplysningar i saka skal skrivast. I tillegg skal skjemaet underskrivast av foreldra. Skjema inneheld også eit felt med *Informasjon frå eleven sjølv*. Dette skal fyllast ut når eleven er over sju år. Intervju stadfestar at det blir henta inn samtykke frå foreldra før tilmelding til PPT. I tillegg er kommunen «i startgropa» med å ta i bruk Stafettloggen BTI. Loggen skal sikre at foreldra er tidleg med i prosessen rundt eleven sine vanskar, og dei kan kome med innspel, følgje tiltak og utvikling her. Fylkesmannen legg til grunn at Frakkagjerd ungdomsskule sikrar at foreldra gir sitt samtykke til at det blir sett i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.

Dei føresette og eleven skal ha høve til å uttale seg om innhaldet i ei sakkunnig vurdering før enkeltvedtaket blir gjort. PPT opplyser i intervju at det blir gjennomført ein inntakssamtale med foreldra. Det kjem fram at denne samtalen er grundig, og at dei føresette og eleven sjølv får høve til å uttale seg i saka. Det blir også vist til samtale med føresette som grunnlagsopplysningar i sakkunnig vurdering. I tillegg har PP-tenesta eit møte med foreldra når sakkunnig vurdering er ferdig utarbeidd. Møtet sikrar at dei føresette kjenner saka og kva forhold rundt eleven sin skolesituasjon som er grunnlaget for vedtaket. Sakkunnig vurdering blir sendt til skolen med kopi til dei føresette. Etter Fylkesmannens vurdering får foreldra høve til å uttale seg før det blir fatta vedtak om spesialundervisning.

3.4.4 Fylkesmannen sin konklusjon

- Frakkagjerd ungdomsskole varslar føresette i tråd med forvaltningslova § 16 før det blir fatta vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova.
- Frakkagjerd ungdomsskole sikrar at foreldra gir sitt samtykke til at det blir sett i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.
- Foreldra får høve til å uttale seg før det blir fatta vedtak om spesialundervisning.

3.5 Enkeltvedtak om spesialundervisning

3.5.1 Rettslege krav

Fylkesmannen viser til dei rettslege krava som er lagde ved rapporten.

3.5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Frakkagjerd ungdomsskole har lagt fram 8 elevsaker med sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar. Desse, saman med plandokument, rutinar og intervju, er grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

3.5.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Av dei rettslege krava går det fram at skolen må fatte vedtak etter at den sakkunnige vurderinga er utarbeidd. Kravet om enkeltvedtak gjeld både når PPT tilrår spesialundervisning, og når dei ikkje tilrår dette. Eit enkeltvedtaket om spesialundervisning må klart og tydeleg setje fast kva opplæringstilbod eleven skal ha, jf. merknader frå Ot.prp. nr 46 (1997 -98) til § 5-3.

I punkt 15 i *Prosedyre for vurdering/tildeling av spesialundervisning etter opplæringslova § 5.1* står det at PPT skal utarbeide sakkunnig vurdering, og i punkt 16 står det at rektor skal fatte enkeltvedtak og at dette *Gjeld både når eleven har rett og ikkje får rett til vedtak etter § 5.1*. Vedtaka skolen har lagt fram for tilsynet viser at det blir fatta enkeltvedtak etter at sakkunnig vurdering er utarbeidd, men at det i nokre av sakene har gått lang tid frå sakkunnig vurdering er utarbeidd og til vedtaket blir fatta. I ei elevsak er sakkunnig vurdering datert 26.06.14 medan vedtak er datert 06.10.14. I ei anna elevsak er sakkunnig vurdering datert 07.07.14 og vedtak datert 07.10.14. Det er eit forvaltningsrettsleg krav at eit vedtak skal fattast utan ugrunna opphald. Kva som er rimeleg tid, må konkret vurderast i forhold til kva som er forsvarleg saksbehandling. I saker som gjeld elevar sin rett til spesialundervisning, vil eleven sitt behov for å få avklart kva rettar han/ho har, vere ein viktig del av denne vurderinga. Ei samla saksbehandlingstid på over 3 månader kan vere for lang tid, jf. det som står under punkt 3.2.3. Rektor fattar vedtak om spesialundervisning både når elevar har rett til det, og ved avslag. Fylkesmannen finn at rektor ikkje i alle sakene sikrar ei forsvarleg saksbehandlingstid i tråd med forvaltningslova.

Fylkesmannen stiller også spørsmål ved kva grunnlag eleven sin individuelle opplæringsplan bygger på når vedtaket ikkje er fatta før oktober. Fylkesmannen vil peike på at det skal vere samsvar mellom sakkunnig vurdering, vedtak og IOP, og at det er vedtaket som set fast eleven sin rett og kva rammer spesialundervisninga skal ha. I den eine av sakene som er nemnt over,

er det i tillegg avvik mellom tilrådde 114 årstimar i sakkunnig vurdering og vedtaket som gir eleven rett til spesialundervisning i 38 årstimar. Dette er ikkje grunnleggjande.

Det er eit rettsleg krav at enkeltvedtaket skal innehalde informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage. Vedtaka Fylkesmannen har fått tilsendt i tilsynet er utarbeidde i ein mal der det er eit eige punkt om klage der både klarerett, klagefrist og klageinstans er omtalt. Vedtaka inneheld også informasjon om retten til å sjå saksdokumenta etter forvaltningslova §§ 18 og 19.

Det går fram av dei rettslege krava at eit enkeltvedtak skal innehalde grunnleggjande for vedtaket ved å vise til heimelen. I dei vedtaka som er framlagde for tilsynet, blir det vist til heimelen for vedtaket etter § 5-1 i opplæringslova.

Det er også eit lovkrav at enkeltvedtaket skal innehalde dei faktiske forholda som er lagde til grunn og kva omsyn som er vektlagde i vurderinga. Ved enkeltvedtak om spesialundervisning kan det, dersom den sakkunnige vurderinga er klar, vere nok å vise til denne. For at dette lovkravet skal vere oppfylt, må sakkunnig vurdering vere i samsvar med innhaldskrava i opplæringslova § 5-3 første og andre ledd, og vedtaket må vere i samsvar med denne. I alle enkeltvedtaka i tilsynet blir det vist til sakkunnig vurdering frå PP-tenesta når det gjeld årsaker til behovet for spesialundervisning. I malen er det eit eige felt som omhandlar *Grunngjeving for vedtaket*. Dette feltet viser til lovkravet i forvaltningslova § 24 om at grunnleggjande skal vise at eleven vil få eit forsvarleg opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1 i opplæringslova. Dette feltet er ikkje utfyllt i vedtaka, og det er her heller ikkje vist til sakkunnig vurdering. Etter Fylkesmannens vurdering grunnleggjande ikkje rektor dei faktiske forholda som er lagde til grunn og kva omsyn som er vektlagde i vurderinga.

Det er eit rettsleg krav at avvik frå den sakkunnige vurderinga krev ei særskilt grunnleggjande i enkeltvedtaket som skal vise kvifor kommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1. Fylkesmannen har vurdert dei vedtaka som er lagt fram for tilsynet. Av dei 8 elevsakene er det avvik i 4 av sakene, knytte til omfang av spesialundervisninga. I ei av sakene blir det i vedtaket tildelt fleire timar enn tilrådd i sakkunnig vurdering, mens det i 3 av sakene er tildelt færre timar enn tilrådd. Rektor grunnleggjande avviket i vedtaket i 3 av 4 saker. Grunnleggjande er knytt til at ressursituasjonen i teama vil kunne gi eit tilpassa opplegg i tråd med tilråding i faga. Det blir også vist til at lærarane er organisert i team, og at det er sett inn ekstra ressursar i teama. I tillegg er det ein ekstra kontaktlærer på kvart trinn som har hovudansvaret for å følgje opp elevar som har IOP. I følgje *Stillingsinstruks: Ekstra kontaktlærer* er hovudmålet *Å følgje opp elevar som trenger spesiell oppmerksomhet pedagogisk og sosialt*. Den ekstra kontaktlæraren skal også sjå til at dei elevane som han/ho har ansvar for, blir gitt eit forsvarleg tilbod av teama og faglærarane. Fylkesmannen finn at grunnleggjande i vedtaka er noko knapt omtalt, men at ho tilfredsstillar kravet til grunnleggjande etter § 5-3 fjerde ledd. Klageretten sikrar foreldra retten til å få ei ny vurdering.

I ei av sakene Fylkesmannen har fått tilsendt, er det fatta vedtak om at eleven ikkje har rett til spesialundervisning. Vedtaket bygger på ei sakkunnig vurdering som er 2 år gammal og som

tilrår spesialundervisning i norsk (114 årstimar) og engelsk (76 årstimar). Rektor grunngir i vedtaket at skolen har lagt ein del ressursar inn i dei ordinære teama slik at eleven får den ekstra hjelpa han treng i det ordinære tilbodet og gjennom tett oppfølging i smågrupper ved behov. I denne saka byggjer rektor sitt vedtak på ei sakkunnig vurdering som ikkje er oppdatert. I ei anna sak er det avvik mellom sakkunnig vurdering og vedtak når det gjeld innhald. I sakkunnig vurdering blir ein elev tilrådd avvik i kompetansemåla i eit fag, medan det i vedtaket står at eleven kan jobbe etter ordinære mål i faget. Også i dette tilfellet er vedtaket fatta på bakgrunn av ei sakkunnig vurdering som er 3 år gammal. Når skolen/lærarane finn at eleven si utvikling ikkje lenger er i samsvar med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og vedtak, skal eleven tilmeldast på ny til PP-tenesta for ny utgreiing. Eit vedtak med avslag om spesialundervisning må byggje på ei sakkunnig vurdering som viser kva vanskar eleven no har og korleis skolen kan hjelpe eleven innafor tilpassa opplæring. Eit vedtak som er fatta på grunnlag av ei sakkunnig vurdering som ikkje er aktuell, er ugyldig.

Enkeltvedtaket skal innehalde opplysningar om kva for omfang, innhald og organisering spesialundervisninga skal ha, og kompetansekrav for dei som skal gjennomføre opplæringa. Alle vedtaka Frakkagjerd ungdomsskole har lagt fram for tilsynet byggjer på ei sakkunnig vurdering, og det blir gitt informasjon om omfanget av spesialundervisninga i årstimar. Dei tildelte timane er fordelte på timar med pedagog og assistent/miljøarbeidar. Vedtaka inneheld også informasjon om innhaldet i spesialundervisninga, kva fag spesialundervisninga er knytt til, om eleven har avvik frå kompetansemåla i faget og korleis spesialundervisninga skal organiserast. Etter Fylkesmannen si vurdering inneheld vedtaka her opplysningar i samsvar med lovkravet.

3.5.4 Fylkesmannen sin konklusjon

- Rektor på Frakkagjerd ungdomsskole fattar vedtak om spesialundervisning både når elevar har behov for det, og når elevar ikkje har rett til spesialundervisning.
- Rektor sikrar ikkje at vedtak blir fatta innan forsvarleg tid.
- Vedtaka inneheld informasjon om klagerett, klagefrist og klageinstans.
- Vedtaka viser til heimelen for vedtaket
- Vedtaka inneheld informasjon om retten til å sjå saksdokumenta etter forvaltningslova §§ 18 og 19.
- Frakkagjerd ungdomsskole grunngir ikkje alltid i enkeltvedtaket dei faktiske forholda som er lagde til grunn og kva omsyn som er vektlagde i vurderinga.
- Frakkagjerd ungdomsskole grunngir avvik frå den sakkunnige vurderinga i vedtaka.
- Frakkagjerd ungdomsskole sikrar ikkje at alle vedtaka er fatta på grunnlag av ei aktuell sakkunnig vurdering.
- Frakkagjerd ungdomsskole fattar vedtak som inneheld opplysningar om omfang, innhald, organisering og kompetansekrav for dei som skal gjennomføre opplæringa.

3.6 IOP og årsrapport

3.6.1 Rettslege krav

Fylkesmannen viser til dei rettslege krava som ligg ved rapporten.

3.6.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Frakkagjerd ungdomsskole har lagt fram 8 elevsaker med sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar. Desse, saman med plandokument, rutinar og intervju er grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

3.6.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Det er eit rettsleg krav at elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha ein individuell opplæringsplan, IOP. Fylkesmannen har fått tilsendt IOP i elevsakene i tilsynet. I følge *Prosedyre for vurdering/tildeling av spesialundervisning etter opplæringslova § 5.1* er rektor ansvarleg for å sjå til at det blir utarbeidd IOP for elevar med enkeltvedtak. Prosessen blir starta opp i juni og skal vere ferdig medio september kvart år. Det kjem fram i IOP kva periode planen gjeld for og kva tid årsrapporten skal utarbeidast. I tillegg har spespedkoordinator eit ansvar for å hjelpe kollegaer i arbeidet med å utarbeide IOP, jf. *Arbeidsinstruks for spes.ped.koordinatorane i Tysvær*. Fylkesmannen finn at Frakkagjerd ungdomsskole sikrar at det blir utarbeidd IOP for elevar med vedtak om spesialundervisning.

I eleven sin IOP skal det stå kva mål opplæringa skal ha når eleven si opplæring avvik frå LK06. I dei sakene Fylkesmannen har fått tilsendt er det samsvar mellom vedtak og innhald i IOP. Frakkagjerd ungdomsskole bruker ein mal for IOP der den eine delen er den individuelle opplæringsplanen og den andre delen/kollonna inneheld *Rapport - utvikling og måloppnåelse*. Den individuelle opplæringsplanen inneheld kva mål i faget eleven skal jobbe med og kva trinn i LK06 måla er henta frå. Etter Fylkesmannen si vurdering inneheld IOP kva mål opplæringa til elevar med spesialundervisning skal ha. Måla er knytte til kompetansemål og trinn i LK06 og er i samsvar med enkeltvedtaket.

Skolen må ha ein innarbeidd rutine som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en. I *Prosedyre for vurdering/tildeling av spesialundervisning etter opplæringslova § 5.1* står det i eit eige punkt at rektor har ansvar for å sjå til at det blir utarbeidd halvårsrapport for elevar med IOP. Rapporteringa har tidsfrist til 30. juni. Som nemnt ovanfor, inneheld malen for IOP ei eiga kolonne der måloppnåinga og utviklinga til eleven skal evaluerast. Alle IOP-ar Fylkesmannen har fått tilsendt, er utfylte også med årsrapportdelen. I prosedyren kjem det fram at årsrapporten skal leggjast i elevmappe/ephorte og sendast til dei føresette. Fylkesmannen finn at Frakkagjerd ungdomsskole har ein innarbeidd rutine som sikrar at det blir utarbeidd årsrapport for elevar som har IOP, og at rapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

3.6.4 Fylkesmannen sin konklusjon

- Frakkagjerd ungdomsskole utarbeider IOP for elevar med vedtak om spesialundervisning.
- Frakkagjerd ungdomsskole utarbeider IOP der det kjem fram kva mål opplæringa til elevar med spesialundervisning skal ha. Måla er knytte til kompetansemål og trinn i LK06 og er i samsvar med enkeltvedtak om spesialundervisning.

- Frakkagjerd ungdomsskole har ein innarbeidd rutine som sikrar at det blir utarbeidd årsrapport for elevar med IOP, og at rapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

3.7 Bruk av alternativ opplæringsarena

3.7.1 Rettslege krav

Fylkesmannen viser til dei rettslege krava som ligg ved rapporten.

3.7.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Fylkesmannen har fått tilsendt alle elevsakene som gjeld elevar som får heile eller delar av opplæringa si på ein alternativ opplæringsarena. Dette er elevar på frå 5.-7.klasse, og dei kjem frå ulike grunnskolar i Tysvær. Vi har også fått ei elevsak frå Frakkagjerd ungdomsskole der eleven har fått delar av opplæringa si på Tysvær Læringsarena (TLA). Etter at tilsynet blei opna, er Tysvær Læringsarena lagt inn under Frakkagjerd ungdomsskole. Fylkesmannen forstår det slik at TLA no ikkje lenger er ein eigen alternativ opplæringsarena, og tilsynet vårt vil derfor berre omhandle Sætre Gard. Fordi elevane her ikkje er knytte til ungdomsskolen, har Fylkesmannen gjennomført intervju med rektor på Tysværåvåg barne- og ungdomsskole. Fylkesmannen gjennomførte også intervju på Sætre Gard og fekk sjå lokalitetane der.

Sætre Gard er ein alternativ opplæringsarena som kommunen driv. Garden blei etablert i 2005 og ligg i Hesjadalen, ca. 15 min frå Aksdal. Det er 2,2 stillingar på Sætre Gard, og dei som jobbar der er tilsette som pedagogisk personale i kommunen og har utdanning som pedagogar/lærarar. Kommunen betaler ei årleg leige for lokala som blir nytta i opplæringa. Opplæringstilbodet på Sætre Gard blir finansiert gjennom kommunen sitt budsjett.

Pr. i dag får 4 elevar heile eller delar av opplæringa si på Sætre Gard. Berre ein av elevane har heile opplæringstilbodet sitt der. Elevane har ulike vanskar knytte til diagnose, åtferdsvanskar og skolevegning. Det er pr. i dag berre gutar som får opplæringstilbod på Sætre Gard, men det blir opplyst at tilbodet også er for jenter. I presentasjonen av Sætre Gard står det at elevar kan søkjast inn for eit heilt år om gongen, eller for kortare tid. Alle søknader og førespurnader om elevplass skal gå gjennom S-team. S-teamet er ei samarbeidsgruppe der både PPT, kommunalt nivå og Sætre Gard er representert. Teamet har møte ein gong pr. måned, og er det organet som *styrer inntak av nye elever, diskusjoner rundt eventuelle tilbakeføringer, samt andre aktuelle emner.*

3.7.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Spesialundervisninga skal gi eleven eit forsvarleg utbytte av den samla opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 andre ledd. Det er eit vilkår at bruk av alternativ opplæringsarena er nødvendig for å sikre eleven forsvarleg utbytte av opplæringa og dette må komme klart fram i den sakkunnige vurderinga og i vedtaket. I presentasjon av S-temaet og oppgåvene teamet har, står det at *For at det skal være aktuelt å ta inn en elev på alternativ arena, er det en forutsetning at eleven har rett på spesialundervisning etter § 5-1, og at det står spesielt i sakkyndig vurdering at alternativ arena kan være et aktuelt virkemiddel. Når det blir bestemt at alternativ arena skal bli brukt, skal dette også komme fram i enkeltvedtaket. Her skal også*

omfanget stå. Alle elevsakene Fylkesmannen har fått tilsendt, stadfester at elevar som får opplæringstilbod på Sætre Gard, er elevar med rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Det kjem fram i intervju at det er rektor på nærskolen som fattar enkeltvedtak når eleven skal få opplæring på Sætre Gard. Ved skolevegning, fattar skulesjef for oppvekst vedtak. Fylkesmannen finn at reglane om spesialundervisning i opplæringslova kapittel 5 om spesialundervisninga, ligg til grunn for bruk av alternativ opplæringsarena for enkeltelevar i Tysvær kommune.

Elevar som får heile eller delar av opplæringa si på ein alternativ opplæringsarena, høyrer til nærskolen sin og ein klasse/gruppe. Rektor på nærskolen er ansvarleg for eleven både på skolen og på den alternative opplæringsarenaen. Retten til å høyre til ein skole og klasse er sterk.

Det må ligge føre ei sakkunnig vurdering som tilrår opplæring på ein alternativ opplæringsarena, der det kjem fram at bruk av ein alternativ opplæringsarena er nødvendig for at eleven skal få eit forsvarleg utbytte av opplæringa. For at ein alternativ opplæringsarena skal nyttast, må det vurderast som beste løysninga for eleven. Vurderinga må gjerast av PPT etter reglane om spesialundervisning i kapittel 5 i opplæringslova. Fylkesmannen har fått tilsendt fire elevsaker for elevar som får si opplæring på Sætre Gard. I ei sakkunnig vurdering skriv PPT at eleven har lite utbytte av opplæringa når han er på skolen, men at dei ved observasjon ser at eleven *har et åpent blikk, smiler, er positiv og deltakende i aktiviteter på den alternative opplæringsarenaen.* PPT skriv også at lærar på alternativ opplæringsarena synest å kome i posisjon til læring. Eleven treng ein *lærings situasjon med konkret, praktisk og lignende alternative metoder i klassen og på alternativ opplæringsarena* for å auke læringskapasiteten. I ei anna sak tilrår PPT at eleven kan ha forsvarleg utbytte av å få si opplæring på ein alternativ opplæringsarena inntil 2 dagar i veka dersom foreldra ønskjer å søke om dette. I ei sakkunnig vurdering står det at eleven kan nå ordinære mål for klassen, men at vanskane hans gjer at han treng å jobbe mot måla gjennom alternative metodar og tett oppfølging. PPT tilrår alternativ opplæringsarena i inntil tre dagar i veka. Ei av elevsakene er knytt til ein elev som har store utfordringar på grunn av ein uavklart omsorgssituasjon. Vanskane til eleven gjer at han har bruk for trygge rammer, og han skal ha si opplæring på Sætre Gard i påvente av ei avklaring knytt til omsorgssituasjonen hans. Fylkesmannen finn at det i alle sakkunnige vurderingar blir vurdert kva utbytte eleven har på skolen/klassen, kvifor skolen ikkje kan gi eleven eit forsvarleg opplæringstilbod og at ein alternativ opplæringsarena er nødvendig.

Når det skal vurderast om ein elev treng opplæring på ein alternativ opplæringsarena for å ha forsvarleg utbytte av opplæringa, er det omsynet til eleven, og ikkje omsynet til skolen eller kommunen som er avgjerande. Det kom fram av dokumentasjon og i intervju at både PPT og skolen/kommunen hadde ein høg terskel for å tilrå/tildele opplæring på ein alternativ opplæringsarena, og at dette var eit alternativ berre når tilrettelegging på skolen var prøvd ut og *alle steinar var snudd.* Kommunen har også ein prosedyre der det blir utarbeidd ein *Tilbakeføringsplan* for eleven. Planen blir utarbeidd i samarbeid med PPT, skole, alternativ opplæringsarena og foreldre og har som mål at eleven gradvis skal tilbake til skolen. Etter

Fylkesmannens vurdering ligg omsynet til eleven til grunn når ein elev får opplæring på ein alternativ opplæringsarena.

Det må kome klart fram i sakkunnig vurdering kva innhald opplæringa skal ha, både når eleven får opplæringa si på skolen, og når eleven er på Sætre Gard. I dei sakkunnige vurderingane står det i nokre av sakene at eleven skal jobbe med *alternative mål* utan at måla er knytte til fag eller mål i LK06. I intervju kom det fram at det var eit nært samarbeid mellom lærarane på skolen og på Sætre gard om opplæringa til eleven i faga. Etter det Fylkesmannen kan sjå, er tilbodet som blir gitt på Sætre Gard, ikkje alltid i samsvar med fag og timefordelinga i ordinær opplæring. Tilbodet på Sætre Gard krev at det i sakkunnig vurdering blir tatt stilling til kva konsekvensar organiseringa har for både innhald i opplæringa knytt til mål i LK06 og timar i faga. Fylkesmannen peiker på at dette er særleg viktig for elevar som skal tilbakeførast til klassen. Etter det vi har sett, krev eit alternativ opplæringstilbod på Sætre Gard, avvik både frå kompetansemål i faga og i fag- og timefordelinga.

Fylkesmannen viser til det som står under kapittel 3.5 om at det skal fattast vedtak for elevar som får delar/heile opplæringa si på ein alternativ opplæringsarena. Vedtaket om spesialundervisning skal seie noko om eleven sitt behov og kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket skal blant anna seie noko om innhaldet i opplæringa, korleis opplæringa skal organiserast, kva omfang spesialundervisninga skal ha og kva kompetanse den som skal gjennomføre opplæringa, skal ha. I sakene Fylkesmannen har fått tilsendt, er det fastsett i vedtaket at eleven skal får delar av eller heile opplæringa si på ein alternativ opplæringsarena. Berre i ei av sakene kjem det fram kva alternativ opplæringsarena som skal brukast.

Det må kome klart fram i vedtaket i kva fag eleven skal arbeide etter ordinære mål og i kva fag eleven har avvik i kompetansemåla. Ved avvik skal det i vedtaket fastsetjast kva overordna mål eleven skal jobbe mot. Det må også vurderast om den alternative opplæringsarenaen er eigna til at eleven kan nå opplæringsmåla som er fastsette i enkeltvedtaket. Dersom opplæringa ikkje er egna til dette, vil ikkje opplæringstilbodet på den alternative opplæringsarenaen vere forsvarleg. I dokumentasjonen frå Tysvær kommune er omfang og innhald spesialundervisninga omtalt. I nokre av sakene kjem det fram kva kompetansemål eleven skal jobbe etter, mens det i andre saker står at eleven skal jobbe etter *alternative mål* utan at det kjem meir fram kva mål dette er. Fylkesmannen finn at ikkje klart og tydeleg går fram i vedtaket kva innhald opplæringa skal ha når eleven er på skolen, og kva innhald opplæringa skal ha når han er på alternativ opplæringsarena. Det blir heller ikkje tilstrekkeleg vurdert om den alternative opplæringsarenaen er egna til at eleven kan nå måla som er fastsett i vedtaket.

Etter at skolen har fatta enkeltvedtak, skal det utarbeidast ein IOP for eleven, jf. § 5-5 i opplæringslova. IOP-en skal vere i samsvar med enkeltvedtaket. Det står i presentasjonen av Sætre Gard at *Alle elevar som er på Sætre høyrer framleis til sin heimskule, og det er skulen som har ansvar for det pedagogiske opplegget til eleven, men Sætre er med på å sette opp IOP, og deltek i samarbeid rundt eleven. Eit tett samarbeid melom skule, heim og Alternativ arena er viktig.* Det kjem fram av intervju at det blir utarbeidd IOP og årsrapport for eleven i

samarbeid med lærarane på skolen. I dette samarbeidet blir oppgåvene i IOP diskuterte og fordelte. Lærarane på Sætre Gard har tett kontakt med lærar på skolen mellom anna via e-post, for å leggje til rette for ein heilskap mellom den opplæringa eleven får på skolen og på alternativ opplæringsarena. Fylkesmannen har fått tilsendt IOP-ar for elevane som får opplæring på Sætre Gard. IOP-ane byggjer på same mal som omtalt tidlegare. Det er laga to IOP-ar, ein gjeld opplæringa på skolen og ein gjeld opplæringa på Sætre Gard. Fylkesmannen finn at IOP-ane inneheld mål og delmål for opplæringa knytte til fag og sosiale mål og at opplæringa i hovudsak er i samsvar med det som står i vedtaket.

Dersom elevar skal få opplæringa si på ein alternativ opplæringsarena, jf. enkeltvedtak om spesialundervisning, må det føreliggje ein avtale om bistand til gjennomføring av spesialundervisninga mellom skoleeigar og den alternative opplæringsarenaen. Skoleeigar kan ikkje fastsetje i avtalen at den alternative opplæringsarenaer tar over ansvaret for opplæringa. Det er skoleeigar som har dette ansvaret, og det kan ikkje overførast. Den alternative opplæringsarenaen skal hjelpe skolen i å gjennomføre den opplæringa som er fastsett i enkeltvedtaket.

Tysvær kommune har inngått ein leigeavtale av lokalitetane på Sætre Gard. Dei som jobbar på Sætre Gard, er tilsette i kommunen og etter gjeldande reglar. Det kom fram i intervju at elevar som får opplæringa si på Sætre Gard høyrer til nærskolen, og at rektor på nærskolen har ansvar for opplæringa.

Det blir utarbeidd ein avtale for kvar elev som får opplæringa si på Sætre Gard. Fylkesmannen har fått tilsendt dømme på ein slik avtale. Her kjem det fram at *Sætre Gard skal i samarbeid med heimskulen leggje til rette for undervisning som er i tråd med sakkyndig vurdering, enkeltvedtak og IOP*. Avtalen viser kva oppgåver Sætre Gard kan hjelpe skolen med. Vi viser også til det som er står ovanfor om tilbakeføringsplanen, og at det er eit overordna mål at eleven skal tilbake på skolen/klassen så snart det lar seg gjere. Det blir opplyst i intervju at tilbodet på Sætre Gard vil halde fram så lenge elevar har behov for eit alternativt opplæringstilbod.

Det kjem også fram i avtalen kva periode eleven er på Sætre Gard, kva dagar/timar i veka og korleis faga er fordelte mellom nærskolen og Sætre Gard. Sætre Gard skal sende ut vekeplanar/faglogg til nærskolen, føresette og PPT, og det skal avtalast samarbeidsmøte mellom heimskolen og Sætre Gard for å utveksle informasjon om fagleg og sosial utvikling, samt planleggje vidare arbeid. Det blir stadfesta i intervju både frå skole og på Sætre Gard at det er tett kontakt mellom desse to. Etter Fylkesmannens vurdering inneheld avtalen kva kontakt det skal vere mellom skolen og Sætre Gard og kva plikter dei ansvarlege for den alternative opplæringsarenaen og skolen/lærar har.

Fylkesmannen viser til kva punkt ein avtale med ein alternativ opplæringsarena bør innehalde, jf. Udir-3-2010. Avtalen som er lagt fram i samband med tilsynet er, som nemnt over, knytt til opplæringstilbodet til den enkelte elev og samarbeidet med skolen.

I førebels tilsynsrapport blei det peika på at den avtalen som var lagt fram for tilsynet, ikkje inneheldt desse punkta. Fylkesmannen la vekt på at avtalen måtte innehalde punkt knytt til retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø, § 9a-1, ordensreglement § 2-9, rett til vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1, samarbeid med heimen, jf. §§ -1, 13-3d og § 3-9, rett til gratis skyss, jf. § 7-1 første ledd og ulukkesforsikring, jf. § 13-3b.

Fylkesmannen fekk kjennskap til at ny forskrift om felles ordensreglement for skolane i Tysvær kommune blei vedtatt politisk 18.11.15. Vi fekk tilsendt reglementet i tilbakemeldinga frå kommunen, og reglementet blei gjeldande for skolane frå 01.12.15. Det kjem fram av saksdokumentet at *Ordensreglementet gjeld i alle samanhengar der skulen har ansvar for elevane, også utanom ordinær skuletid. Det gjeld i skulefritidsordninga, i leksehjelptilbodet og på alternative læringsarenaer.* Reglane om psykososialt miljø i opplæringslova kapittel 9a, er fastsett i ordensreglementet, og ordensreglementet er i følge utkast til avtale, gjeldande på Sætre Gard.

Vi har også fått tilsendt utkast til ny *Samarbeidsavtale mellom Sætre Gard og hjemmeskolen.* Her står det at *SG er ikke en egen skole, og elever som benytter SG, vil fremdeles tilhøre hjemmeskolen og ha sin klasse og kontaktlærer der. Rektor ved hjemmeskolen er rektor for eleven.* I utkastet til avtale er også følgjande punkt omtalt: rammer for møter og samarbeid mellom lærarane på skolen og Sætre Gard, foreldresamarbeid, skuleskyss og ulukkesforsikring. Vi kan ikkje sjå at avtalen inneheld eit punkt om retten til vurdering etter forskrift til opplæringslova § 3-1. Etter Fylkesmannen si vurdering vil utkastet til samarbeidsavtale kunne vere eigna til å rette opp varsla pålegg, men kommunen må i avtalen også sikre at elevar på Sætre Gard blir vurderte etter gjeldane reglar. Avtalen må også takast i bruk. Varsel om pålegg blir derfor ikkje endra.

3.7.3 Fylkesmannen sin konklusjon

- PPT tar i sakkunnig vurdering stilling til kva utbytte eleven har på skolen/klassen, kvifor skolen ikkje kan gi eleven eit forsvarleg opplæringstilbod og at ein alternativ opplæringsarena er nødvendig.
- Omsynet til eleven ligg til grunn når ein elev får opplæring på ein alternativ opplæringsarena.
- PPT tar ikkje stilling til kva konsekvensar opplæringa på Sætre Gard har for innhald i opplæringa knytt til mål i LK06 og timar i faga.
- Det blir ikkje fatta vedtak som klart og tydeleg viser kva opplæring eleven skal ha når han får opplæring både på skolen og på ein alternativ opplæringsarena.
- Det blir fatta enkeltvedtak for eleven som skal få delar av, eller heile opplæringa si på ein alternativ opplæringsarena.
- Det kjem ikkje fram i alle sakene kva alternativ opplæringsarena som skal brukast.
- Det blir ikkje i tilstrekkeleg grad vurdert om den alternative opplæringsarenaen er eigna til at eleven kan nå måla som er fastsett i vedtaket.

- Det blir utarbeidd IOP for elevar som får opplæringa si på Sætre Gard. IOP-en inneheld mål og delmål for opplæringa knytt til fag og sosiale mål, og er i samsvar med vedtaket.
- Det blir utarbeidd ein avtale for kvar elev som viser kva oppgåver Sætre Gard kan hjelpe skolen med.
- Avtalen som ligg til grunn for bruk av alternativ opplæringsarena, er mangelfull og må innehalde punkt knytte retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø, § 9a-1, ordensreglement, jf. § 2-9, rett til vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1, samarbeid med heimen, jf. §§ 1-1, 13-3d og § 3-9, rett til gratis skyss, jf. § 7-1 første ledd og ulykkesforsikring, jf. § 7-1 første ledd.

4 Kommunen sitt system for vurdering av om krava i lova blir oppfylte

4.1 Rettslege krav

Fylkesmannen viser til dei rettslege krava som ligg ved rapporten.

4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Tysvær kommune har lagt fram *Program for dialogmøta våren 2014*, som viser til opplæringslova § 13-10 i innleiinga. Dokumentet inneheld ei oversikt over skolane og viser at det er skolesjef i kommunen som har ansvar for gjennomføring.

Kommunen sitt delegeringsreglement viser at fullmakt til å fatte vedtak etter § 5-1 er delegert til administrativt nivå, men inneheld ikkje vidaredelegering. Delegeringsreglementet viser ikkje korleis ansvaret for internkontroll etter § 13-10 andre ledd er delegert, men mal for dialogmøte viser at ansvaret for oppfølging av krava i denne regelen i praksis ligg til skolesjefen. Oversynet viser til dei ulike områda som skal vere tema i dialogmøte, herunder spesialundervisning. Kartlegging av elevs læringsutbytte og fokus på tidleg innsats inngår også som tema i rutinar for dialogmøte.

Oversynet viser at det er skoleleiinga og spes.ped.koordinator ved skolane som skal delta. Det følgjer vidare av oversikta *at det vil bli gitt samla tilbakemelding til skolane seinast 1 mnd. etter dialogmøtet.*

Tilsendt *Strategiplan for kvalitetsutvikling i Tysværskulen 2012-2015* viser at Tysvær kommune har hatt elevvurdering og fokus på tidleg innsats som satsingsområde i perioden. Kommunen har samtidig ei overordna målsetting i strategiplanen om at spesialundervisninga skal ligge under 7 %. Det blir vist til at kommunen er inne i ein periode med innsparingar og *at fokus har vore å leggje strategiar som bidrar til å fremje kvalitet og utvikling innan ei forsvarleg kostnadsramme.*

4.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Delegering av kommunen sitt ansvar for oppfølging etter oppl. § 13-10 andre ledd er ikkje avklart i delegeringsreglement, men Fylkesmannen legg til grunn at ansvaret er delegert til

rådmannsnivå på linje med dei andre reglane i opplæringslova. Etter vår vurdering er det klargjort gjennom kommunen sine rutinar at ansvaret ligg hos skulesjef i kommunen.

Dialogmøte blir gjennomførte ein gong i året, med dei ulike tema som går fram av tilsendt mal og referat frå samtalar. Opplistinga av tema i malen viser at Tysvær kommune har oversikt over dei reglane som gjeld på området for spesialundervisning, inkludert krav til skolen si utprøving av tiltak, krav til sakkunnig vurdering, krav til vedtak og krav til IOP. Vi har fått opplyst frå kommunen at PPT også deltar i dialogmøter, men vi kan ikkje sjå at kommunen har dokumentert at det blir gitt tilbakemeldingar til PPT i forhold til om lovkrava i § 5-3 er oppfylt. Dialogmøte blir berre gjennomførte med leiinga ved den enkelte skole. Vi viser i denne samanhengen til det som er sagt under punkt 3.2.3 om at PPT er organisert under *Helse og førebygging* i kommunen.

Rutinar for dialogmøte viser at Tysvær kommune får innblikk i praksis på den enkelte skole på området spesialundervisning. Som stikkord for tema spesialundervisning er nemnd *Status og tal på enkeltvedtak, innhald i sakkunnige tilrådingar, enkeltvedtak og IOPar etc.*

I intervju blir det opplyst at skolesjefen innhentar pedagogisk rapport frå skolane, sakkunnig vurdering frå PPT og vedtak i forkant av møta. Dette blir gjort for alle elevar, eller eventuelt eit utsnitt av elevar, ved alle skolar. Vi har fått tilsendt referat frå dialogmøta som viser konkrete tema som er tatt opp i møte og tilbakemeldingar til skolane.

Oppfølging av elevar ved alternative opplæringsarenaer er ikkje særskilt nemnd i rutineane, men vil vere omfatta av møte med rektor på den ordinære skulen der eleven går. Fylkesmannen vil likevel gjere merksam på dei særlege utfordringane som oppstår i desse sakene når det gjeld samordning av tilbodet om spesialundervisning, som igjen fører med seg eit auka behov for internkontroll i høve til krava i opplæringslova kap. 5. Vi kan ikkje ut frå dokumentasjonen sjå at dette har vore tema i dialogmøta, men legg til grunn at dette inngår som tema når det er aktuelt.

Vi har fått tilsendt referat frå dialogmøte, mellom anna med Frakkagjerd ungdomsskole. Referatet viser at spesialundervisning og fokus på tidleg innsats har vore blant dei tema som er tatt opp i møtet. Ein har også diskutert skolane si kartlegging av læringsutbyttet og tiltak i forhold til kommunale mål. Her kjem det mellom anna fram kva for kartleggingsmetodar som er brukte og at kommunen nyttar «Stafettlogg» som ein reiskap for dialog med foreldra i fasen med tidleg innsats.

I referata kjem det fram at kommunen har gitt tilbakemeldingar på skolen sin praksis. Det er mellom anna gitt tilbakemelding til Frakkagjerd ungdomsskole om at ein i vedtaka må vere tydeleg på at ein gir tilpassa opplæring når ein avviser saker om spesialundervisning. Det er også gitt tilbakemelding på at vedtaka kan vere meir konkrete på innhald og omfang. Vi kan ikkje sjå at kommunen i møte har vurdert i kva grad avvik frå sakkunnig vurdering i vedtaka er forsvarleg i det enkelte tilfelle, og vil presisere at dette er eit element som må inngå i kontrollen. Kommunen, ved skolesjef, har presisert at avvik frå kompetansemål må stå eksplisitt, og at ein ikkje kan byte kompetansemål. Det er i denne samanhengen også vist til at skolen kan «klage» på sakkunnig vurdering om nødvendig. Fylkesmannen oppfattar

tilbakemeldingane til skolen slik at kommunen med dette har presisert rektor sitt ansvar for å sjå til at sakkunnig vurdering gir tilstrekkeleg informasjon. Vidare ser vi at skolen si organisering med ein ekstra kontaktlærer er diskutert, knytt til målsetting om tidleg innsats. Spes.ped. koordinator si rolle i teama er også tatt opp.

Referat frå dialogmøte ved andre skolar i kommunen viser dessutan at kommunen ved skolesjef har hatt fokus på rektor si plikt til å grunngi vedtak godt i dei tilfella der talet på timar avvik frå det PPT har tilrådd i sakkunnig vurdering, og at vedtaket må seie noko om korleis dette skal organiserast. Det er i tillegg fokus på at realistiske kompetansemål må klargjerast i vedtak. I tillegg er utforming av IOP tema i samtalanene, og det blir gjort ei vurdering av desse, mellom anna med fokus på at dokumentet er bindande overfor foreldra.

I intervju blir det opplyst at skolesjefen ber om retting i nokre tilfelle, og at rettinga må dokumenterast. Fylkesmannen har ikkje mottatt rutinar eller annan dokumentasjon som viser korleis dette blir følgt opp i praksis.

Kommunen sitt forsvarlege system skal også innehalde ein rutine for gjennomgang, oppdatering og bruk av systemet for å sikre at det fungerer som bestemt, og som bidrar til kontinuerleg forbetring. Fylkesmannen kan ikkje sjå at Tysvær kommune har rutinar for gjennomgang og oppdatering av systemet etter § 13-10 andre ledd.

4.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Etter Fylkesmannens vurdering har Tysvær kommune eit system for vurdering av om krava i opplæringslova § 5-1 jf. 5 blir oppfylt, men systemet oppfyller ikkje fullt ut lova sine krav til å vere forsvarleg.

- Kommunen sitt system viser at kommunen har oversikt over dei lovkrav som blir stilte på området.
- Kommunen sine rutinar viser, sett i samanheng med delegeringsreglement, at ansvar for oppfølging av lovkrava er avklart internt i kommunen.
- Systemet sikrar at kommunen, ved skolesjefen, får informasjon gjennom dialogmøte med forutgåande innhenting av saksdokumentasjon.
- Referat frå dialogmøte viser at skolane får tilbakemeldingar som gjeld oppfylling av reglane i oppl. § 5-1 jf. kap.5. Fylkesmannen vurderer det slik at systemet er eigna til å avdekke brot på reglane i høve til skolane. Systemet er etter vår vurdering ikkje eigna til å avdekke lovbrott knytte til PPT sine oppgåver med utarbeiding av sakkunnig vurdering m.m.
- Tysvær har ikkje dokumentert at kommunen har rutinar for oppfølging av funn/ eventuelle brot på regelverket.
- Tysvær kommune har ikkje rutinar for gjennomgang og oppdatering av systemet etter § 13-10 andre ledd.

5. Frist for retting av lovbrøt

Fylkesmannen har i kapitla 3 til og med 4 konstatert lovbrøt.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløp av rettefristen i denne rapporten:

Pålegg 1. Sakkunnig vurdering

Tysvær kommune må sørge for at PP-tenesta tar i vare oppgåvene som er gitt i opplæringslova § 5-3, og at dei utarbeider sakkunnige vurderingar i samsvar med krava i opplæringslova §§ 5-3 og 5-4.

Tysvær kommune må i den samanheng sjå til at

- a) PPT i sakkunnig vurdering tar stilling til kva som er realistiske opplæringsmål for elevar med rett til spesialundervisning
- b) PPT i sakkunnig vurdering konkret tilrår omfanget av spesialundervisninga

Pålegg 2. Spesialundervisning

Tysvær kommune må sørge for at rektor på Frakkagjerd ungdomsskole fattar vedtak i samsvar med krava i opplæringslova §§ 5-1, 5-3 og forvaltningslova § 11a.

Tysvær kommune må i denne samanheng sjå til at

- a) vedtak om spesialundervisning blir fatta innan forsvarleg tid
- b) alle vedtak om spesialundervisning er fatta på bakgrunn av ei aktuell sakkunnig vurdering

Pålegg 3. Alternativ opplæringsarena

Tysvær kommune må sørge for at opplæringslova kapittel 5 om spesialundervisning ligg til grunn som rettsleg grunnlag for bruk av alternativ opplæringsarena.

Tysvær kommune må i denne samanheng sjå til at

- a) PPT i sakkunnig vurdering tar stilling til kva konsekvensar opplæringa på Sætre Gard har for innhald i opplæringa knytt til mål i LK06 og fag- og timefordelinga.
- b) det blir fatta vedtak som klart og tydeleg viser kva opplæring eleven skal ha når han får opplæringa si både på skolen og på ein alternativ opplæringsarena
- c) det kjem fram i vedtaka kva alternativ opplæringsarena som skal brukast
- d) det i vedtaket blir vurdert om den alternative opplæringsarenaen er eigna til at eleven kan nå måla som er fastsette i vedtaket
- e) det blir utarbeidd ein avtale som også inneheld punkt knytte til retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø, jf. § 9a-1, ordensreglement, jf. § 2-9, rett til vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1, samarbeid med heimen, jf. §§ 1-1, 13-3d og § 3-9, rett til gratis skyss, jf. § 7-1 første ledd og ulykkesforsikring, jf. § 7-1 første ledd.

Pålegg 4. Kommunen sitt system for vurdering av om krava i lova blir oppfylte

Tysvær kommune må utarbeide rutinar i tråd med opplæringslova § 13-10 andre ledd for avdekking av brot på opplæringslova, jf. kap. 5 i opplæringslova.

Tysvær kommune må i denne samanheng sjå til at:

- a. det blir etablert rutinar som er egna til å avdekke lovbrot knytte til PPT sine oppgåver med utarbeiding av sakkunnig vurdering.
- b. det blir etablert rutinar for oppfølging av funn/ eventuelle brot på regelverket.
- c. det blir etablert rutinar for gjennomgang og oppdatering av systemet etter § 13-10 andre ledd.

Tysvær kommune er gitt frist til å rette dei ulovlege forholda som er konstatert i denne rapporten, jf. kommunelova § 60 d. Frist for retting er **04.05.16**.

Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at dei ulovlege forholda er retta med dokumentasjon som viser at lovbrotta er retta.

Dersom lovbrot ikkje er retta innan fastsett frist, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som vedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Hilde Folkvord Juul
tilsynsleiar

Hanne Sørli Ronæss
seniorrådgjevar

Liv Svendal
seniorrådgjevar

Vedlegg: dokumentasjon

Dokumentasjon frå PPT

- Prosedyre for tidleg innsats i skulen
- Tilmeldingsskjema
- Revidert tilmeldingsskjema
- Plan for skolekontakt
- Ambulerande skolevegringsteam
- Prosedyre for samarbeid, oppfølging og opptak ved alternative opplæringsarenaer
- Uttale Alternativ opplæringsarenaer
- Delegeringsreglement
- Handlingsveileder BTI, oppdatert 2. oktober
- Kjerneområde for hjelpetenestene
- Fleire rutinar
- Handlingsveileder for ansatte i Tysvær kommune
- Rutineomtale for tverrfaglig oppvekstteam (TOT) 22.12.14

Dokumentasjon Frakkagjerd ungdomsskole

- Virksomhetsplan m/bakgrunnsdokumenter
- Skolens forebyggende arbeid.
 - Kartlegging og fraværsoppfølging.
 - Rutiner of prosedyrer før tilmelding til PPT.
- Tilmelding til PPT
- Samarbeid skole-PPT
- Elevsaker § 5-1 skoleåret 2014 – 15
- Alternativ arena
- Elevsaker alternativ arena 15-16
- Tilleggsdokument
- Oversikt over kartlegginger

Dokumentasjon Tysvær læringsarena

- Sakkunnig vurdering
- Enkeltvedtak
- IOP 2015/2016
- IOP med årsrapport 2014/2015
- Re-tilmelding til PP-tenesta
- Pedagogisk rapport
- Vekeplan
- Faglogg, arbeidsdokument for TLA der ein loggfører tid, fag, læringsmål, gjennomføring, fråvær på elevane
- Samarbeidsavtale mellom Frakkagjerd ungdomsskule og Tysvær læringsarena
- Åtferdsplan
- Info elevperm
- Oversikt ansvarsfordeling FUS og TLA
- Ansvar primærkontakt/sekundærkontakt på TLA
- Tilbakeføringsplan

Dokumentasjon frå Tysvær kommune

- *Årsmelding 2014*

- *Reglement for delegering av mynde i Tysvær kommune*
- Organisasjonskart
- *Strategiplan for kvalitetsutvikling i Tysværskolen 2012 - 2015*
- Program for dialogmøta våren XXXX
- Referat frå dialogmøte 2015
- *Kompetanse for kvalitet, Strategi for etter- og videreutdanning 2012 – 2015, Kunnskapsdepartementet*
- *Den gode overgangen, Samarbeid mellom føresette, barnehage og skule, Tysvær kommune*

Dokumentasjon Sætre læringsarena

- Presentasjon av Sætre Læringsarena
- Presentasjon av tilsette på Sætre
- S-team
- Elevsaker
- Undervisningsopplegg
 - Leirskole
 - Prosjekt Stemmevatnet
 - Julefest
- Dagsplanar
- Arbeidsplanar
- Info/velkomstskriv
- Avtale
- Minnepinne med elevarbeid.